

TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN 2024 – 2027

TYSNES KOMMUNE

HØYRINGSUTKAST



Dato: 28.11.2023

Føreord

Denne trafikktryggleiksplanen gir informasjon om ulykkesstatistikk i heile Tysnes kommunen og bestemmer kva tiltak som skal prioriterast for å redusere ulykkestala og betre trafikktryggleiken for både køyrande, gåande og syklande. Nytt av denne planen, som ikkje har vore tema i tidlegare trafikktryggleiksplan, er tryggleik på sjø.

Trafikken i Noreg er den tryggaste i heile Europa, målt i tal omkomne pr. million innbyggjarar. Likevel er trafikkulykker med personskade rekna for å vere eit mykje større samfunnsproblem enn mange er klar over. Det er anslått at om lag **31 000** menneske vert skada i trafikken kvart år, men berre **5 000** vert faktisk registrert i eit system¹. Dette betyr at ulykker og skadar i trafikken er undervurdert som samfunnsproblem, fordi tilgjengeleg statistikk ikkje visar riktige tal.

Det er sett eit nasjonalt mål om at ingen skal omkomme i biltrafikken. Dette krev målretta og systematisk arbeid på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå.

Planen for trafikktryggleik i Tysnes kommune er utarbeidd av ABO Plan & Arkitektur AS i tett samarbeid med arbeidsgruppa frå kommunen.

Os, 28.11.2023

¹ Lund, 2019. *Helsevesenbasert skaderegistrering som verktøy for å forebygge trafikkulykker.*

INNHALD

1. KVA ER EIN TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN?	5
1.1. God oversikt i digitalt kart	6
1.2. Planen si avgrensing	6
1.3. Kven er planen retta mot?	7
1.4. Utforming av planen	7
1.5. Kven har ansvaret?	8
2. Mål med planen	9
3. Trafikkbiletet i Tysnes kommune	10
3.1. Vegsystem	10
3.1.1. E39 Stord – Os (Hordfast)	10
3.2. Trafikkulykker i Tysnes kommune	11
3.3. Utrygg skuleveg	13
3.4. Trafikk på sjøen	13
4. Innsatsområde	15
5. Tiltak for å betre trafikktryggleiken i Tysnes kommune	17
5.1. Tysnes som Trafikksikker kommune	18
5.2. Innsatsområde A: Mjuke trafikantar og trygg skuleveg	19
5.3. Innsatsområde B: Haldningsskapande tiltak	22
5.4. Innsatsområde C: Hindre møte- og utforkøyringsulykker	24
5.5. Innsatsområde D: Areal- og transportplanlegging	26
5.6. Innsatsområde E: Trafikktryggleik i tettstadene	28
5.7. Innsatsområde F: Tryggleik på sjø	29
6. Fysiske trafikktryggleikstiltak	31
6.1. Tiltak på kommunale vegar	32
6.1.1. Langsiktige trafikktryggleikstiltak på kommunale vegar	32
6.1.2. Hjartesone - tiltak rundt skular og barnehagar	34
6.1.3. Forbetring av framkomst på kommunale vegar	36
6.1.4. Kommunale vegar – Fartsgrense	38
6.1.5. Kommunale vegar - Skilting, oppmerking og fartshump	39
6.1.6. Kommunale vegar – Vedlikehald og sikring	40
6.1.7. Kommunale vegar – Veglys	41
6.2. Tiltak på fylkesvegar	43
6.2.1. Langsiktige trafikktryggleikstiltak på fylkesvegar	43

6.2.2.	Forbetring av framkomst på fylkesvegar _____	45
6.2.3.	Fylkesvegar - fartsgrense _____	47
6.2.4.	Fylkesvegar - Skilting, oppmerking og fartshump _____	49
6.2.5.	Fylkesvegar – Vedlikehald og sikring _____	50
6.2.6.	Fylkesvegar – Veglys _____	51
7.	<i>Vegen vidare</i> _____	53
8.	<i>Vedlegg</i> _____	53
9.	<i>Referansar</i> _____	53

1. KVA ER EIN TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN?

Trafikktryggleiksplanen skal vere kommunen sitt styrande verktøy i arbeidet med trafikktryggleik. Vidare er ein oppdatert og godkjent plan ein føresetnad for at:

- kommunen skal kunne få tildelt midlar til trafikksikringstiltak
- kommunen skal kunne verte godkjent som Trafikksikker kommune etter Trygg Trafikk si godkjenningsordning, jf. vedteke planprogram, F-sak 13/2323, 23.03.2023.

Dette er viktig for å oppdatere statistikk over ulykker og for å få eit samla bilete over utfordringane i Tysnes kommune.

Arbeid med trafikktryggleik i kommunen er samansett. Det er fleire avdelingar som må jobbe saman, og det må arbeidast mot fylkeskommunen og Statens vegvesen. Det må lagast gode rutinar og arbeidet må forankrast både på politisk nivå og i kommunen sin administrasjon.

Å nytte kunnskap for å sikre at rett tiltak vert gjennomført på rett stad er avgjerande for at ulykkestala skal gå ned. Trafikktryggleiksplanen er eit rammeverk i dette arbeidet.

VISSTE DU AT..

..då dei første bilane kom til Noreg rundt 1900 måtte føraren søke om tillating frå Fylkesmannen før kvar køyretur?

Fartsgrensa var maks 35 km/t.

1.1. God oversikt i digitalt kart

Det er laga eit digitalt kart som viser trafikksikringstiltak i Tysnes kommune. I kartet kan ein og finne informasjon om trafikkmengd, ulykker og innspel frå innbyggjarar, skular og andre.

Lenke til kartet ligg tilgjengeleg på Tysnes kommune si heimeside.

1.2. Planen si avgrensing

I vedteke planprogram² er det bestemt at trafiktryggleiksplanen skal syte for oppdatert analysegrunnlag, innehalde handlings- og tiltaksplan og vere eit grunnlag for kommunal sakshandsaming. Det vart òg bestemt at viktige tema i planarbeidet skulle vere:

- Barn og unge i trafikken og på sjøen, som inkluderer trygg skuleveg
- Generell åtfærd sjø
- Eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
- Haldnings- og åtfærdsskapande arbeid
- Arealplanlegging
- Vegutforming og fysiske tiltak, her under lys

Det ble ved handsaming av planprogrammet bestemt at trafiktryggleik på sjø skal vere eit eige tema i planen. Kommunen har mykje sjøareal, strandlinje og kai- og bryggjeanlegg, og det føregår ferdsel både i form av transport, fiske og fritidsbåtbruk. I denne trafiktryggleiksplanen er tiltak for tryggleik på sjø avgrensa til å handle om ferdsel med fritidsbåt og tryggleik ved kaianlegg. Planen tek ikkje føre seg tryggleik knytt til anna transport på sjø eller verksemder som driv sjøretta næring, då desse er omfatta av eige regelverk og rutinar knytt til tryggleik.

Planen følgjer opp overordna nasjonale og regionale mål, og er elles avgrensa til eit sett lokale mål og 6 innsatsområde. Desse er nærare omtalt i kapittel 2 og 4.

Punkt og vegstrekningar som er vurdert med omsyn til trong for utbetring tek utgangspunkt i både innspel frå innbyggjarar, skular og andre, samt kommunen sine eigne vurderingar.

Leitar du etter informasjon som du ikkje finn i dette dokumentet?

Planen er utarbeidd på bakgrunn av føreliggande kunnskap og statistikk, etter ein fastsett prosess og metodisk tilnærming. Følgande vedlegg gir informasjon om dette:

Vedlegg til planen:

1. Analyse av ulykker i Tysnes kommune 2012-2021
2. Overordna føringar
3. Rettleiar Trafikksikker kommune
4. Kriterium for vurdering av innspel
5. Silingsliste - vurdering av innspel etter kriteria

² Planprogrammet gjer greie for føremålet med planarbeidet, planprosess og opplegget for medverknad.

1.3. Kven er planen retta mot?

Planen er først og fremst eit verktøy for **politikarane**. Planen gir dei folkevalde oversikt over kva som er utfordringane i kommunen og eit grunnlag for å bestemme kva administrasjonen skal ha fokus på i sitt arbeid med trafikktryggleik. Planen er òg eit grunnlag for avgjerder knytt til korleis kommunen sine midlar skal prioriterast.

Planen inneheld oppgåver knytt til trafikktryggleik som dei ulike avdelingane i **kommuneadministrasjonen** har ansvar for å gjennomføre i si drift.

Innbyggjarar kan bruke planen til å lese om korleis kommunen arbeider med trafikktryggleik. Innspel som er sendt inn til arbeidet er òg tilgjengeleg, samt svar på korleis innspela er følgt opp.

Det er i planprogrammet fastsett at planen skal ha stort fokus på barn og unge. Dette gjer at **skular og barnehagar** må engasjerast spesielt. Det er føreslått tiltak i planen som Tysnes kommune gjennom ulike einingar har ansvar for å følgje opp.

1.4. Utforming av planen

Planen er ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova. Utforming av planen skal følgje lovpålagt prosess knytt til medverknad, høyring og vedtak av planprogram i samband med oppstart. Ved varsel om oppstart av planarbeidet, vart innbyggjarane invitert til å kome med innspel til planarbeidet gjennom kunngjering i bladet Tysnes. Skular, barnehagar og lag og foreiningar var særskilt invitert med brev til å kome med innspel ved oppstart av planarbeidet.

Arbeidet med planen har vore organisert på denne måten:

ARBEIDSGRUPPE med hovudansvar for organisering, framdrift og utforming av dokument	PROSJEKTGRUPPE med tverrfagleg kompetanse	STYRINGSGRUPPE
<ul style="list-style-type: none">• Rådgjevar plan, idrett, eigedom• Representant frå ABO Plan & Arkitektur	<ul style="list-style-type: none">• Rådgjevar plan, idrett, eigedom• Einingsleiar for teknisk drift, Tysnes kommune• Fagarbeidar veg, Tysnes kommune• Representant for barn og unge, Tysnes kommune• Representant for politiet• Representant for Vestland fylkeskommune (fylkesveg)• Representant for Trygg Trafikk.• Representant frå ABO Plan & Arkitektur	Formannskapet i Tysnes kommune

1.5. Kven har ansvaret?

Alle trafikkantar som ferdast på og langs vegar har sjølv ansvar for trafikktryggleiken, samt myndigheitene som eig vegen. Samferdselsdepartementet har det overordna ansvaret for tryggleik på veg i Noreg.

Kommunen har primært ansvaret for sine egne vegar. Kommunen må syte for å drifte, vedlikehalde og utbetre egne vegar. Det må òg sikrast at nye vegar som skal vere kommunen sine, held krava som er sett til utforming. Kommunen som skuleeigar har òg ansvar for at elevar får opplæring om trafikk i skulen i tråd med opplæringslova.

Vegane i Tysnes er pr. i dag anten fylkeskommunale, kommunale eller private. Det finst i dag ikkje statlege vegar som riks- og europavegar i kommunen, men E39 Hordfast som er under planlegging, har trasé over Tysnes. I Nasjonal Transportplan 2022 - 2033 er byggjestart for denne vegen sett til 2027. Kap. 3.1.1 omtalar dette nærare.

Kommunen kan ikkje ta avgjerder på vegar som kommunen ikkje sjølv eig, men kommunen kan samarbeide med overordna vegstyresmakter om felles tiltak, og gje innspel til kva som må prioriterast av tiltak på fylkeskommunale og statlege vegar i kommunen.

Trafikktryggleiksplanen skal nyttast i arbeidet med å gje innspel til fylkeskommunen om tiltak som kommunen meiner bør prioriterast på fylkeskommunale og statlege vegar.

2. MÅL MED PLANEN

Tysnes kommune sine mål for trafikkisikring for dei neste fire åra følgjer opp nasjonale og regionale målsettingar, samt FN sine berekraftsmål. Oversikt over nasjonale og regionale mål ligg som vedlegg.

Tysnes kommune sin trafikktryggleiksplan for 2024-2027 har følgande mål:

Hovudmål: Redusere tal omkomne og hardt skada til null innan utgangen av planperioden (innan 2027).

Delmål 1: Tysnes kommune skal vere godkjent som Trafikksikker kommune innan 2025.

Delmål 2: Auka tilrettelegging for mjuke trafikkantar, med særleg vekt på skuleveg, eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

Delmål 3: Arbeide med å innføre hjartesone rundt kommunale skular og barnehagar.

Delmål 4: Reduksjon i ulykkestyper som normalt har alvorleg utfall³ og lågare grad av alvorlegheit på dei ulykkene som skjer.



³ Møteulykker og utforkøyringsulykker har oftast alvorleg utfall (kjelde: Ulykkesanalyse for Tysnes kommune 2012 - 2021)

3. TRAFIKKBILETET I TYSNES KOMMUNE

3.1. Vegsystem

Fv 549 er hovedferdselsåra gjennom kommunen. Denne går langs vest- og nordsida av Tysnesøya og over Lukksund bru til fastlandet og Bjørnafjorden kommune. Frå kommunesenteret Uggdal går det fylkesveggar vestover til Reksteren (fylkesveg 5086) og austover, tvers over Tysnesøya, til Onarheim på søraustkysten (fylkesveg 5078), og frå Hodnaneset langs søraustkysten på fylkesveg 5076 og tilbake til fylkesveg 549 i Lundegrend nordaust på øya. Frå Våge er det ferjesamband nordover til Halhjem i Bjørnafjorden kommune og frå Hodnaneset i sør er det ferjesamband til Jektavik i Stord kommune.

Høgast ÅDT⁴ er knytt til hovudvegane inn til tettstaden Våge der fleire vegar har over 1000 ÅDT. Høgast ÅDT er på strekninga frå Våge mot kommunesenteret Uggdal, med ÅDT på 1900.

3.1.1. E39 Stord – Os (Hordfast)



Figur 1. E39 Stord – Os (Hordfast) - veglinja i vedtatt statleg kommunedelplan (Illustrasjon: Statens vegvesen). Traséen går langs vestre del av Tysnes, og ferjesambanda Jektevik – Hodnaneset og Våge Halhjem, vil bli erstatta av bruer over Langenuen og Bjørnafjorden.


⁴ ÅDT, årstdøgntrafikk, er talet på køyretøy pr. døgn.

Statens vegvesen arbeider med statleg reguleringsplan for ny ferjefri E39 mellom Ådland på Stord og Svegatjørn i Bjørnafjorden. Vegen er eit delprosjekt under E39 Stavanger – Bergen som er ein del av *Ferjefri E39*. Vegtraséen er planlagt langs vestre del av Tysnes, frå Hodnaneset i sør til Gjøvåg på Reksteren i nord, jf. Fig. 1. E39 Stord – Os inneber at riksvegferja mellom Sandvikvåg og Halhjem i Fitjar, samt fylkesvegferjene Jektevik – Hodnaneset og Våge Halhjem på Tysnes, vil bli erstatta av bruer over Langenuen og Bjørnafjorden. Prosjektet ligg inne i Nasjonal Transportplan 2022 - 2033 og byggjeart er planlagt til 2027. Den nye vegen vil ha stor verknad på trafikken på denne delen av Tysnes. Krysset Søreid sør for Uggdal vil bli eit viktig av- og påkøyringspunkt for trafikk til Uggdal, Våge, Lunde m.m. Det inneber at trafikken på FV 549 Uggdalsvegen og Hollekjevegen vil auke. Tysnes kommune må vere førebudd på denne endringa og starte planlegging av oppgradering og trafikksikring av denne vegen. Det må óg ver stort fokus på anleggsfasen, som vil gå over mange år.

3.2. Trafikkulykker i Tysnes kommune

I dette kapitlet finn du oversikt over trafikkulykker som er registrert i kommunen frå 2012-2021. Vedlagt trafikktryggleiksplanen ligg ein meir utfyllande rapport med statistikk over trafikkulykker i kommunen i perioden. Oppsummert syner analysen følgande:

- Dei siste 10 åra har det vore 1 dødsulykke i Tysnes kommune.
- 6 personar har blitt hardt skadd i ulykke.
- Tal ulykker varierer frå år til år
- 2017 var eit år med 8 ulykker (høgast i perioden) og året etter var det 0 ulykker (lågast)
- Over 65% av dei registrerte ulykkene er knytt til bilulykker.
- Over 92% av ulykkene har utfall med lettare skadar.
- Over 74% av ulykkene er registrert som utforkøyringsulykker
- Dei fleste ulykkene har skjedd på fylkesveg
- Dei fleste ulykkene har skjedd i område med fartsgrense 80 km/t



Figur 2. Kart som viser ulykker fordelt på ulykkestype i analyseperioden 2012-2021.

Ikkje alle ulykker vert registrert

På landsbasis veit vi av tilgjengelege tal at det er stor underrapportering av ulykker i vegtrafikken⁵. Det finst ikkje oversikt over eller anslag av mørketal i Tysnes kommune, men ein må rekne med at tilgjengeleg statistikk ikkje gir full oversikt.

Undersøkingar syner at det er ulykker der fotgjengarar og sykkistar er involvert, at mørketala er størst. Dette har samband med at politiet ofte ikkje er involvert i denne typen ulykker. I Noreg er det politiet som har ansvar for å melde om trafikkulykker til Statistisk sentralbyrå (SSB). Samstundes er politiet ofte berre involvert i ulykker med omkomne eller hardt skadde.

Kvart år vert det frå politiet registrert om lag 8000 skadde på landsbasis, mens statistikk frå sjukehusa syner at det kvart år er over 40 000 personar som vert skadd i vegtrafikken (tal frå Transportøkonomisk institutt - TØI). Eineulykker på sykkel er og svært underrapportert.

⁵ Lund, 2019. *Helsevesenbasert skaderegistrering som verktøy for å forebygge trafikkulykker.*

Undersøkingar frå TØI syner at personar som ikkje er registrert som hardt skadde i ei ulykke, likevel kan definerast som *varig skadde* på eit seinare tidspunkt. Desse fell då utanfor statistikken.

For å kunne sette inn riktige tiltak er det viktig å være medviten på at det eksisterer store mørketal, og årsakssamanhengar knytt til dette.

3.3. Utrygg skuleveg

Fleire barn i kommunen har rett på skuleskyss. Opplæringslova gjev rett til skuleskyss for alle elevane i grunnskulen som har meir enn 4 km skuleveg. For 1. klassingane er grensa sett til 2 km. I tillegg til dette praktiserer Tysnes kommune å gje fri skuleskyss til elevar i småskulen når dei har meir enn 3 km skuleveg. Elevar i vidaregåande skule som har meir enn 6 km til skulen har òg rett på skuleskyss. Nokre elevar har òg rett på skuleskyss fordi dei har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg etter fylkeskommunen sine kriterium.

Du kan lese meir om skuleskyss i Tysnes kommune [her](#)

3.4. Trafikk på sjøen


I 2022 var det 89 drukningsulykker i Noreg, kor 2 ulykker skjedde i Tysnes kommune. Datagrunnlaget for Tysnes kommune strekk seg tilbake til 2017. Det er ikkje registrert drukningsulykker dei andre åra enn i 2022. Til samanlikning døde 116 personar i trafikken i 2022 i Noreg. Det var ingen dødsulykker i trafikken i Tysnes i 2022. Desse tala viser at det er like viktig å setje fokus på tryggleik på sjøen, som trafikktryggleik.

Vestland fylke (og dei tidlegare fylka som i dag utgjer Vestland når ein ser på statistikk over tid) er aller høgast representert i dødsulykker på sjø dei siste 5 åra.

Fall frå kai- og bryggeanlegg representerer nesten dobbelt så mange ulykker som frå fritidsbåt. Menn er høgast representert i statistikken, og utgjer 85% av dei omkomne i fylket dei siste 5 åra. Dei fleste er over 61 år.



Figur 3. Statistikk over drukningsulykker i Noreg i 2022. Kjelde: Redningssselskapet.



Figur 4. Statistikk over drukningsulykker i Tysnes kommune i 2017 – 2022. Begge dei to registrerte drukningsulykkene skjedde i 2022. Kjelde: Redningssselskapet.

4. INNSATSOMRÅDE

For å nå fastsette mål er det bestemt at kommunen, saman med andre aktørar, skal arbeide innanfor seks ulike innsatsområde. I kapittel 5 er det beskrive tiltak innanfor kvart innsatsområde.

INNSATSOMRÅDE A: Mjuke trafikantar og trygg skuleveg

Dette innsatsområdet er retta mot lokale delmål 2 og 3, jf. kap. 2. Samtidig følger den opp nasjonale mål i *Barnas transportplan* (BTP) som er ein del av Nasjonal Transportplan (NTP). Gjennom Barnas transportplan ønskjer regjeringa å:

- Leggje til rette for at åtte av ti barn og unge skal velje å gå eller sykle til skulen
- Styrke trafikktryggleiken for barn og unge
- Leggje vekt på barn og unge sine behov i planlegging og utvikling av transportsystemet
- Vektlegge omsynet til barn og unge i lokal og regional planlegging
- Følgje opp transportetatane når det gjeld omsynet til barn og unge i utviklinga av transportinfrastrukturen
- Styrke kompetansen om trafikksikring i barnehage og skule

I godkjent planprogram ligg det inne at Tysnes kommune i denne planperioden for Trafikktryggleiksplanen vil arbeide for å etablere Hjartesone rundt skulane i kommunen. Hjartesone er eit konsept for fremjing av trygg skuleveg. Konseptet skal kunne tilpassast kvar einskild skule, og handlar om både fysiske tiltak og haldningsskapande tiltak. I nasjonal transportplan (NTP) er hjartesone eit satsingsområde.

INNSATSOMRÅDE B: Haldningsskapande tiltak

Arbeid med haldningsskapande tiltak vil vere retta mot alle trafikantgrupper, men spesielt mot barn og unge. Spesielt bør haldningsskapande arbeid retta mot unge vaksne mellom 16 og 25 prioriterast. Den eldste delen av denne gruppa er òg utfordrande å nå gjennom tiltak som vert iverksett gjennom ungdomsskule og vidaregåande skule.

INNSATSOMRÅDE C: Hindre møte- og utforkøyringsulykker

Å hindre møte- og utforkøyringsulykker er eit satsingsområde fordi desse ulykkene utgjer største delen av ulykkene i Tysnes kommune

INNSATSOMRÅDE D: Areal- og transportplanlegging

Areal- og transportplanlegging vert vektlagt både fordi det er viktig for å nå mål knytt til innsatsområde A, men òg fordi forskning⁶ syner at fleire trafikkulykker har direkte samband med svikt i planlegging og utforming av vegnett.

INNSATSOMRÅDE E: Trafikktryggleik i tettstadene

Tettstadane i Tysnes er Våge, Uggdal, Onarheim og Lunde. Gjeldande kommuneplan seier at det i desse tettstadene skal vidareutviklast. Våge og Uggdal har i dag relativt gode løysingar for mjuke trafikantar. Onarheim og Lunde manglar interne gangforbindelsar.

INNSATSOMRÅDE F: Tryggleik på sjø

Tysnes kommune har lang strandsone, mykje sjøareal med både transporttrafikk, fiske- og fritidsbåtferdsel. Det skal vere trygt å ferdist ved hamnar og på sjøen i Tysnes kommune. Som omtalt i innleiinga er dette tema avgrensa til bruk av fritidsbåt og ferdsel ved kaianlegg.

Regjeringa har som mål at det ikkje skal skje ulykker med fritidsbåt til sjøs kor nokon vert drepne eller hardt skada. Det er difor utarbeidd ein Nasjonal handlingsplan mot fritidsbåtulykker, der kommunane sjølv har ansvar for å følgje opp med lokale tiltak. Sjølv om tal hardt skadde og omkomne på sjøen har hatt jamn nedgang dei seinare åra, er det viktig å arbeide systematisk mot enda tryggare ferdsel til sjøs.

Store delar av innsatsområda i den nasjonale handlingsplanen dreiar seg om haldningsskapande arbeid. Kommunen har òg fleire moglegheiter til å gje lokale forskrifter knytt til regulering av fart og bruk av eigne sjøområde og elver.

⁶ *Trafikksikkerhetshåndboken (Transportøkonomisk institutt)*

5. TILTAK FOR Å BETRE TRAFIKKTRYGGLEIKEN I TYSNES KOMMUNE

I dette kapittelet vert kommunen sine prioriterte tiltak for å betre trafikktryggleiken presentert. Først og fremst er det beskrive tiltak som kommunen har anledning til å gjennomføre i samsvar med mynde og ansvarsoppgåver.

Desse tiltaka vil åleine ikkje vere nok for å nå mål om ingen drepne eller hardt skada i løpet av åra fram mot 2027. Tiltak frå overordna mynde har òg betydning, samt enkeltpersonar sitt ansvar for eigen åtfærd i trafikken.

Fysiske byggje- og utbetringstiltak

Liste over det kommunen meiner er viktige byggje- og utbetringstiltak framgår av kapittel 6. Tiltaka er inndelt etter vegtype; fylkesveg eller kommunal veg og etter tiltakstype; Langsiktige trafikktryggleikstiltak, Forbetring av framkomst, Hjartesone, Fartsgrense, Skilting, oppmerking og fartshump, Veglys og Vedlikehald og sikring. Bakgrunn for lista er innspel frå innbyggjarar, skular og andre, samt kommunen sin vegfaglege vurdering.

I lista over viktige langsiktige trafikktryggingstiltak, forbetring av framkomst og hjartesone, er det gjeve poeng etter eit sett kriterium. Høg poengsum betyr ikkje at tiltaket nødvendigvis *vert gjennomført* i løpet av den næraste tida. Høg poengsum indikerer at tiltaket bidreg til å nå fastsette mål som kommunen har sett for trafikktryggleiksarbeidet, og at tiltaket er anbefalt vidareført i kommunen sin handlingsplan. Dei fleste tiltak har bakgrunn i innspel frå innbyggjarar. Andre tiltak er vidareføring frå tidlegare TT-plan.

Lista over viktige, trafikksikringstiltak er eit levande dokument som kan rullerast i løpet av dei neste åra dersom dette vert naudsynt.

Gjennomføring

Tiltaka i trafikktryggleiksplanen vil fungere som eit grunnlag for dei prioriteringane som kommunestyret skal gjere i økonomiplanen frå år til år. Dette betyr at tiltaka som er føreslått i denne planen er avhengig av at det vert løyvd midlar for å kunne gjennomførast. I tillegg til kommunen sine egne budsjett og økonomiplanar, kan det søkast om midlar til trafikksikring frå fylkeskommunen.

Fylkeskommunen eller Statens vegvesen avgjer sjølv kva tiltak som skal prioriterast på fylkeskommunale vegar og europaveg. Kommunen kan gje innspel til overordna mynde sine vegplanar, og gå i dialog om naudsynte tiltak. I denne dialogen er det viktig å ha ein kommunal trafikktryggleiksplan. Då veit overordna vegmynde at det ligg ein politisk avgjerd bak dei tiltaka som kommunen sjølv meiner må prioriterast på fylkesvegar eller europaveg. Nokre gongar inngår kommunen og fylkeskommunen spleiselag på gjennomføring av tiltak på fylkesveg.

5.1. Tysnes som Trafikksikker kommune

Kommunen sitt arbeid med å bli godkjent som Trafikksikker kommune etter Trygg Trafikk si godkjenningsordning, er løfta ut som eit eige overordna tiltak, fordi det femner 5 av dei 6 innsatsområda⁷.

I Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2022-2025 er det sett som mål at 200 kommunar skal vere godkjende som Trafikksikker kommune innan 1. janar 2026. Godkjenninga varar i tre år, og kan fornyast gjennom ein eigen prosess. Trygg Trafikk si rettleiar med krav til kommunen ligg vedlagt.

TILTAK	OMTALE	ANSVAR	FRIST
Godkjenning Trafikk-sikker kommune	<p>Tysnes kommune skal vere godkjent som Trafikksikker kommune i løpet av planperioden.</p> <p>Dette krev brei forankring, og at alle involverte følgjer opp dei krava som ligg til grunn for godkjenninga.</p>	<p>Gjennomføringsansvar: Tysnes kommune</p> <p>Koordineringsansvar: Tysnes kommune</p> <p>Oppfølging: -Barnehagane -Skulane -Helsestasjon -Kulturavdelinga -Planavdelinga -Samferdsel -Kommuneoverlege</p>	2025

⁷ Tryggleik på sjø er ikkje ein del av Trafikksikker kommune.

5.2. Innsatsområde A: Mjuke trafikantar og trygg skuleveg



KVA ER UTFORDRINGA?

- Skulevegen for mange born er ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar. Det manglar i tillegg belysning fleire plassar.
- Manglande Hjertesone rundt skulane.
- Små barn har ikkje dei same føresetnadene for å lære sikker ferdsel i trafikken som større barn og vaksne.

SLIK VIL KOMMUNEN AUKE TRYGGLEIKEN FOR MJUKE TRAFIKANTAR:

TILTAK	OMTALE	ANSVAR	FRIST
Innføring av hjertesonar ved alle skular og barnehagar i kommunen	<p>Alle skular og barnehagar i Tysnes skal ha innført hjertesone tilpassa den enkelte skule/barnehage sitt behov for:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ Fysiske tiltak, skilting, merking osv. og/eller ○ haldningsskapande, informasjon og samarbeid skule/heim/elever <p>Verktøy/ressurs: Arbeidsdokumentet «Hjertesone: Tryggere skolevei», Norconsult.</p>	<p>Koordinerings- og oppfølgingsansvar: Tysnes kommune</p> <p>Gjennomføringsansvar: Tysnes kommune</p>	I løpet av planperioden

Mjuke trafikantar må prioriterast	I planar må det sytast for at tryggleik for mjuke trafikantar går framfor framkomelegheit for biltrafikken.	Tysnes kommune	
Barnas trafikklubb	Dialog med skular og barnehagar om dette verktøyet fell inn under arbeidet med Trafikksikker kommune.	Tysnes kommune/ Trygg Trafikk	
Sykkelopplæring	I følgje kunnskapsløftet skal alle elevar få sykkelopplæring i grunnskulen. Dette må følgast opp i praksis. Dialog og samarbeid med skulane fell inn under arbeidet med Trafikksikker kommune. Verktøy/ressurs: Sykkeldyktig	Tysnes kommune	
Trafikktryggleik ved anleggsområde	Rutinar for handtering av trafikktryggleik ved anleggsområde er famna i kriteria for å verte godkjent som Trafikksikker kommune. Tiltaket er difor ikkje nærare omtala her.	Tysnes kommune	I løpet av planperioden, i samband med søknad om å bli godkjend som Trafikksikker kommune.
Drift og vedlikehald på gang- og sykkelveggar og fortau	Heilårsdrift av veganlegg der gåande og syklende ferdast må prioriterast. Dette må prioriterast på linje med vedlikehald av øvrig vegnett.	Tysnes kommune (KV) Vestland fylkeskommune (FV)	Løpande gjennom planperioden.
Fysiske byggje- og utbetringstiltak	I lista over viktige, trafikksikrings-tiltak for bygging og utbetring av vegar i kommunen er det føreslått bygging av gang-sykelveggar, fartshumpar osv. Sjå liste i kapittel 6 for konkrete tiltak. Dersom eit tiltak er lista som høgt prioritert, betyr ikkje dette nødvendigvis at tiltaket skal vere ferdigstilt i løpet av planperioden	Tysnes kommune (KV) Vestland fylkeskommune (FV)	Løpande gjennom planperioden.

	(2024-2027). Større trafikkisikringstiltak må innarbeidast som egne investeringspostar i kommunen sitt budsjett og i økonomiplan, mens andre mindre tiltak kan gjennomførast i løpet av dei næraste åra innanfor ein samlepott for trafikkisikringsmidlar. Tiltak på fylkeskommunale vegar, må kommunen fremje for Vestland fylkeskommune.		
Etablere rutinar for evaluering av gjennomførte trafikktryggings-tiltak	Gjennomføre måling av effektar av gjennomførte trafikktryggings-tiltak, for å luke ut tiltak som kan virke mot sin hensikt.	Tysnes kommune	Løpande

5.3. Innsatsområde B: Haldningsskapande tiltak

KVA ER UTFORDRINGA?

- Forsking syner at ein vanleg utfordring ved førebyggjande arbeid er manglande motivasjon. Mange trur at det ikkje nyttar å gjere noko for å unngå ulykker (Hoff, 1996).
- Farleg åtferd i trafikken, som å køyre for fort, rusbruk, køyring mot raudt lys og køyring utan bilbelte aukar risiko for skade.
- Forsking synar at skadde personar i trafikken kunne vore redusert med 27% og drepne med 48% dersom trafikantane køyrde i tråd med gjeldande lovar og reglar.



SLIK VIL KOMMUNEN ARBEIDE MED HALDNINGSSKAPING:

TILTAK	OMTALE	ANSVAR	FRIST
Trafikk som valfag i skulen	<p><i>Valfag trafikk</i> er eit tilbod til elevar i ungdomsskulen etter læreplanen (UDIR).</p> <p>Tysnes kommune har ikkje dette tilbodet i dag, men vurderer det frå skuleår 2024/2025.</p> <p>Kommunen bør arbeide for å auke kompetanse knytt til undervisning i dette faget.</p>	Tysnes kommune	2025

Haldningskampanjar retta mot unge vaksne med omsyn til haldningar til ferdsl i trafikken.	Systematisk arbeid retta mot ungdom.	Politiet	Årleg
Reflekskampanjar ved skulane	Skulane må gjennomføre reflekskampanjar kvart år.	Tysnes kommune	Årleg
